

Merknadsskjema – offentleg ettersyn

Plannamn	Kvassnesbakken
Arealplan-ID	4631-201904
Saksnummer	20/2403
Utarbeidd av	Holon Bergen AS
Sist revidert	15.07.2020

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillar sin kommentar
Private merknader:			
1	<u>Villanger Eigedom, Olaf Villanger, 188/250, Kvassnesvegen 45, 15.10.2019</u>	a) Ber om at nytt fortau vert lagt på austsida av Kvassnesvegen langs vest- og nordsida av tomta 188/701.	a) Tatt til følge.
2	<u>Kjell Olav Austgulen, Kvassnesvegen 63, 18.10.2019</u>	a) 2-3 etasjar høgare bygg enn Kvassnesvegen er for dei uakseptabelt. Bebuarar i Sameiet Kvassnesvegen 63/65 vil miste utsikt, lys og får uynskt innsyn. Bygget må difor ikkje verte høgare enn fire etasjar.	a) Ikkje tatt til følge. Planforslaget er fremja med byggehøgder som svarar til prosjektet som vart presentert i oppstartsmøtet med kommunen. Vurderingar av konsekvensar for naboar går fram av planskildringa.
3	<u>Anna Bergsvik og Vidar S. Ludvigsen, Kvassnesvegen 63, 18.10.2019</u>	a) 2-3 etasjar høgare bygg enn Kvassnesvegen er for dei uakseptabelt. Bebuarar i Sameiet Kvassnesvegen 63/65 vil miste utsikt, lys og får uynskt innsyn. Bygget må difor ikkje verte høgare enn fire etasjar.	a) Ikkje tatt til følge. Sjå svar i 2 a).
4	<u>Linda Rosnes, Kvassnesvegen 63, 18.10.2019</u>	a) 2-3 etasjar høgare bygg enn Kvassnesvegen er for dei uakseptabelt. Bebuarar i Sameiet Kvassnesvegen 63/65 vil miste utsikt, lys og får uynskt innsyn. Bygget må difor ikkje verte høgare enn fire etasjar.	a) Ikkje tatt til følge. Sjå svar i 2 a).
5	<u>Arvid, bebuar i Knarvik (lynskjer i vere anonym), 21.10.2019</u>	<p>a) Fortau må etablerast langs heile grensa til Kvassnesbakken slik at det vert samanhengande i svingen rundt tomta.</p> <p>b) Tilkomst til garasjeanlegget ligg midt i ein sving, og trafikktryggleiken her må vurderast.</p> <p>c) Det bør krevjast tiltak for å unngå «elva» ned Kvassnesvegen ved nedbør.</p> <p>d) Det må etablerast minst éin parkering per bustad, og minimum 15 gjesteparkeringsplassar for ca. 35 bustader – altså minst 50 plassar. Gjesteparkeringsplassane må plasserast i garasjeanlegget og vere lett tilgjengeleg for gjestar for å unngå framandparkering i nærområdet. Det må sikrast at gjesteparkeringsplassar ikkje kan seljast til bebuarar eller andre.</p>	<p>a) Tatt til følge. Områdeplanen legg til grunn at fortauen skal etablerast på andre sida av Kvassnesvegen. Planforslaget legg likevel opp til fortau på andre sida i tillegg.</p> <p>b) Tatt til følge. Trafikktryggleiken er vurdert.</p> <p>c) Ikkje tatt til følge. Tiltak i prosjektet endrar ikkje nedbørsfeltet mot bakken i Kvassnesvegen, og områda ligg utanfor planområdet.</p> <p>d) Delvis tatt til følge. Det vert lagt opp til parkeringsdekning etter krav i kommuneplanen.</p> <p>e) Ikkje tatt til følge. Det vert ikkje tatt omsyn til at større bilar enn personbilar skal parkere i garasjeanlegget.</p> <p>f) Delvis tatt til følge.</p>

	<p>e) Det må vere tilstrekkeleg høgde for litt større bilar i garasjeanlegget for å unngå framandparkering i nærområdet.</p> <p>f) Det må leggast til rette med oppstillingsplass for ambulanse og drosje i tunet.</p> <p>g) Det bør etablerast bosshus på oppsida av bustadblokka.</p> <p>h) Den eine fløya kjem for nær Knarvikparken, og bes fjerna eller korta ned.</p> <p>i) Den eine fløya er seks etasjar og i strid med Knarvikplanen. Fire etasjar er meir enn høgt nok.</p> <p>j) Det må ikkje installera kompressorbasert luftsirkulasjon, men lydløst system som betre enn gjeldande støykrav for å sikre trivsel for bebuarar.</p> <p>k) Det bør stillast krav om lydisolasjon mellom seksjonane.</p>	<p>g) Tatt til følgje. Det vert lagt opp til nedgrava løysing på oppsida av bustadblokka.</p> <p>h) Ikkje tatt til følgje.</p> <p>i) Ikkje tatt til følgje.</p> <p>j) Ikkje tatt til følgje. Dette vert ikkje vurdert i plansaka, men i utbyggingsfasen.</p> <p>k) Tatt til følgje. Dette sikrast i regelverk.</p>
--	--	---

Høyringsinstansar:			
6	<u>NGIR, 09.10.2019</u>	a) Det må settast av tilstrekkeleg og godt eigna areal til renovasjonsløysinga. Det bør vurderast nedgravne avfallsløysingar.	a) Tatt til følgje.
7	<u>NVE, 10.10.2019</u>	a) Omsyn til flaum-, erosjon- og skredfare, energianlegg og vassdrag- og grunnvasstiltak er tiltakshavars ansvar og må utgreist i planarbeidet.	a) Tatt til følgje.
8	<u>Statens vegvesen, 21.10.2019</u>	a) Statens vegvesen ber om at følgjande tema vert tekne omsyn til i planarbeidet: trafikale konsekvensar på overordna vegnett, tilhovet for mjuke trafikkantar, trafikk i bygge- og anleggsfasen og vegtrafikkstøy.	a) Tatt til følgje.
9	<u>Fylkesmannen i Vestland, 22.10.2019</u>	a) Fylkesmannen opplys om generelle regionale og nasjonale interesser i planarbeidet, og krav og forventningar til mellom anna Klima og energi, barn og unge, folkehelse, støy, naturmangfold og medverknad.	a) Tatt til følgje.
10	<u>Hordaland fylkeskommune, 05.11.2019</u>	a) Minner om at eventuelle kulturminneinteresse og verneverdiar må tas omsyn til, og at nye større bustadområde skal ha dokumentert trygg veg til grunnskule om til kollektivstopp.	a) Tatt til følgje.

Merknadskart

